

Avtale om feste av grunn til kraftstasjon

Mellom

Arild Johre som eigar av gnr. 60, bnr. 3 - som bortfester

og

Bjerg Johre som eigar av gnr. 60, bnr. 7 - som festar

og

Hans Erik Hansen - som festar

er det slutta slik avtale:

1.

Avtala

Arild Johre eig gnr. 60, bnr. 3 i Fyresdal kommune. Han overtok eigedomen frå foreldra sine Birger Johre og Annveig Johre. I avtale tinglyst 19.02.2003 gjorde Birger og Annveig Johre avtale med Hans Erik Hansen der Hansen kjøpte fallrettar på gnr. 60, bnr. 3. Hansen er sambuar med dotter til Birger og Annveig/syster til Arild – Bjerg Johre.

Fallrettane er bygd ut for å forsyne bustadhuset på gnr. 60, bnr. 7 med straum.

I avtale om kjøp av fall heiter det i punkt 3 e) Festerett:

"Kjøper har festerett til grunn til kraftstasjon. Avtale om dette gjøres separat og ringlyses."

Denne avtala er gjennomføring av det punktet.

2.

Arealet som blir festa

Gjennom rettsforliket 07.05.2010 i Øvre Telemark jordskifterett er partane samde om eigedomsgrensene for gnr. 60, bnr. 7. I samband med grensegangen blei det klårt at delar av kraftstasjonen ligg på bnr. 7, og delar av kraftstasjonen ligg på bnr. 3. Festeavtale omfattar det arealet av kraftstasjonen som ligg på bnr. 3.

Det festa arealet gjeld området kraftstasjonen er bygd på, og kan seiast å vere eit punkt feste. Avtala omfattar òg rett til tilkomst til kraftstasjonen og bruk av areal til drifting og vedlikehald av denne.

Areal til dam, røyrgate, vassinntak m.v. er ikkje ein del av denne festeavtale. Rett til areal til dei installasjonane fylgjer av punkt 3 i avtala tinglyst 19.02.2003.

3.

Anna

Det skal betalast kr 100,- pr. år i vederlag for feste. Festeavgifta skal regulerast i samsvar med konsumprisindeksen kvart 10. år.

Festeavtala gjeld så lenge kraftstasjonen er i bruk.

Festeretten er knytt til eigedomen gnr. 60, bnr. 7, og kan berre seljast saman med denne eigedomen.

4.

Eksemplar av avtala og tinglysing

Denne avtala er gjort i 2 eksemplar. Eit eksemplar til kvar av partane. Festarane kan tinglyse avtala på gnr. 60, bnr. 3 i Fyresdal.

Fyresdal, ... 22/2-2011

Arild Johre
Arild Johre

Fyresdal, ... 11/2-2011

Bjerg Johre
Bjerg Johre

Hans Erik Hansen
Hans Erik Hansen

HAUGSTOGA

FRA SOLBJØRG ASKERSRUD.